

REGLAR FOR BRUK AV VASSMÅLAR I LEIKANGER KOMMUNE

Vedtekne av Leikanger kommunestyre den 18.12.03, gjeldande frå 1.januar 2004.

Innkjøp og installasjon av vassmål

Målaren blir kjøpt inn og betalt av abonnenten og er abonnenten sin eigedom. Kommunen kan bestemma type, plassering og storleik på målaren, tilpassa forbruket.

Abonnenten må òg koste installasjon og eventuell flytting av målaren. Installasjon av måler skal utførast av rørleggjar som er godkjent av kommunen. Vassmålaren må plasserast slik at den er lett tilgjengeleg både for avlesing og kontroll/utskifting. Etter montasje skal vassmålaren plomberast av godkjent rørleggjar.

Avlesing

Avlesing av vassmålaren skal gjerast ein gong kvart år. Abonnenten skal lese av målaren og melde inn data til kommunen innan fastsett tid.

Dersom avlesing eller innsending av data ikkje blir gjort til fastsett tid, blir årsforbruket stipulert. Kommunen kan eventuelt velje å lese av målaren for abonnenten si rekning.

Kontroll

Kommunen skal ha tilgang til vassmålaren for inspeksjon og kontrollavlesing til varsla tid.

Kommunen kan til ei kvar tid, eventuelt etter skriftleg søknad frå abonnenten, kontrollere vassmålaren. Dersom kontrollen viser feilavlesing på meir enn 5%, skal årsgebyret justerast for det føregåande året. Eventuell utskifting av målaren skal abonnenten sjølv koste.

Fleire tilknytingar

Kvar eigedom skal normalt ha berre ei tilknyting. I dei tilfelle ein eigedom har fleire tilknytingar, skal det installerast ein måler for kvar. Eventuelle interne målarar er kommunen uvedkommande.

Andre tilhøve

Når vassmålar er montert, kan denne ikkje fjernast utan kommunen sitt samtykke.

Dersom vassmålar ikkje kan plasserast frostsikkert, skal gebyret baserast på stipulert forbruk etter vedtekne utrekningsreglar.

Dersom ein måler blir skada, skal abonnenten straks melde dette til kommunen. Plomberte målarar kan berre opnast av eller under oppsyn kommunen sitt personell. Er ein plombe broten, blir vassforbruket for vedkommande termin fastsett til pårekna forbruk multiplisert med 4.